


BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik

Nr. 3 2021



September 2021

Årgang 63



Foto: Eidfjord

Haust

Per Sivle

Kvar vart det taa alle dei Fuglar,
som song
i Sumar so vænt millom Greino?
Sidan eg høyrdé deim
ender og Gong;
og so vart det Stilla i eino.
— Han tagnar, Fuglen, mot Hausten.

Kvar vart det taa alle dei Blomar,
som stod
og nikka i Ljos og i Ange?
Eg ser yver Bøen,
men er inkje god
faa Auga paa ein av dei mange.
— Han visnar, Blomen, mot Hausten.

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

ULVIK KYRKJEKONTOR:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyni 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiar/kyrkjeverje:

Willemina van Manen

Tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917

kyrkjeverje@ulvik.kyrkja.no

Organist:

Edyta Bryk ebryk@interia.pl

Tlf: 967 42 927

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Bergo Aarvik

Tlf. 452 28 287 / tiljorunn@gmail.com

Søndagsskulen: Linda Van Moere 943 85 859

Kyrkjetenar: Jan Arvid Gjøn, tlf. 954 69 903

Soknerådsleiar: Knut Nes, tlf. 976 68 025

EIDFJORD KYRKJEKONTOR:

Postboks 23, 5786 Eidfjord. Telefon: 53 66 52 51

Kyrkjeverje:

Irene Vivel, irene@eidfjordkyrkje.no

Organist: Kris Ulita, kris@eidfjordkyrkje.no

Kyrkjetenar:

Christian Bouvain, christian@eidfjordkyrkje.no

Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjotveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

Sekretær:

Tone F. Nesheim, tone@eidfjordkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Kari Tveit Hovland, Tlf. 970 62 477

SOKNEPRESTAR:

Eidfjord:

Johannes Pettersen, 53 66 52 51 / 913 40 828

johannes@eidfjordkyrkje.no

Ulvik:

Magnar Haaland, Tlf. 415 46 366 / mh977@kyrkja.no

Eller kontakt:

Voss kyrkjekontor – prosten

Telefon: 56 52 38 80

REDAKSJON FOR KYRKJEBLADET:

Kyrkjeverje Irene Vivel, Wilma Bergman og

Kjersti Næsheim. Kyrkjeverje Willemina van Manen,

Knut Nes og Stein-Arnold Hevrøy.

Redaktør:

Steinar I. Bergo, tlf. 908 41 077

steinar.bergo@ulvik.org

KONTONUMMER: 3626 26 78029

VIPPS: 661653

Bladpengar kr 200,-

Utanbygds kr 300,-

Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og
gåver til kyrkjebladet.

**Takk til alle gode støttespelarar
i Eidfjord og Ulvik!**

ANDAKT

TIL ETTERTANKE

I våre dagar finn ein det meste på internett, det ein ikkje kan eller veit, det hjelper Google oss med, og det var i eit slikt tilfelle eg var på nettet og leita etter noko, eg kom over dette. Her var mange sanningar og gode levereglar som er verde å tenkja litt over.



Lilly Hammer

INTERVJU MED GUD

Eg drøymde at eg hadde eit intervju med Gud:

«Så du vil gjerne intervju meg,» spurde Gud.

«Ja, om du har tid så» svara eg.

Gud smilte. «Tida mi er evigheita det.»

«Og kva hadde du tenkt å spørja meg om?»

«Jau, eg lurte på kva som har overraska deg mest med menneska?»

Gud svarde:

«At dei finn barndomen så kjedeleg at dei skundar seg å verta vaksne, og sidan lengtar dei etter å verta born att. At dei øydelegg helsa si for å tena pengar, og så brukar dei alle pengane sine til å byggja opp att helsa si. At dei med å vera så opptekne av framtida, gløymer notida, slik at dei ikkje lever i nokon av dei, verken notida eller framtida. At dei lever som om dei ikkje skal døy ein gong, og dør som om dei aldri har levt.»

Gud tok handa mi og vi sat tause ei stund.

Så spurde eg: «Som forelder, kva tykkjer du er nokon av dei viktigaste levereglane du ville at borna dine skulle læra?»

Gud svarde med eit smil.

«Å læra dei at dei ikkje kan få nokon til å vera glad i ein. Det ein kan gjera, er å lata seg verta elskaa.

Å læra dei at det ikkje er bra å samanlikna seg med andre.

Å læra dei å forstå at ein rik person ikkje er den som har mest, men derimot den som er fornøygd med og set pris på det han har.

Å læra dei at det tek berre eit augneblink å opna dei djupaste såra hjå nokon ein er glad i, medan det tek år å lækja dei.

Å læra å tilgje ved å praktisera tilgjeving.

Å læra dei at det er menneske som elskar dei svært høgt, men som ikkje veit korleis dei skal uttrykkja eller syna følelsane sine.

Å læra dei at to menneske kan betrakta den same tinga, men likevel sjå han ulikt.

Å læra dei at det ikkje alltid er nok å verta tilgjeven av andre, men at dei også må læra å tilgje seg sjølve.

Og så å læra dei at eg er her; ALLTID.»

NB! Folk som er merksame, har spurt om kyrkjebladet har endra banknummer?

Det stemmer! Både banknummeret og vippesnummeret er nytt. Dette er for å halda ulike rekneskap frå kvarandre. Det nye nummeret stod på blanketten, men dersom du har betalt på gammalt nummer, så kjem pengane fram. Takk!

«EG TRUR, EG TRUR..... DET VAR DET EG TRUDDE»

I gamle dagar, før 1974 og kraftverket ved Strand vart opna, fraus Ulvikfjorden til. Han kunne fryså så til at båtane ikkje kom inn, men måtte lasta om langt ute i fjorden. Staden har ikkje hatt namnet «Isakaien» for ingenting! Trafikken av folk over isen mellom sentrum og Åsen var stor. Folk vart flinke både til vurdera isen og til å ta seg over. Eg har ikkje høyrta at det drukna folk på overfarten. Men det vert fortalt om ei dame som skulle gå over utrygg is, at ho sikra seg ved å heile tida seia: «Eg trur, eg trur.» Det gjekk bra til ho var mest komne over, men så knakk isen! Då la ho til: «Det var det eg trudde!» Tru og tvil er kanskje to sider av same sak? Både den som trur, og den som ikkje trur, gjer i prinsippet det same.

Olav H. Hauge fekk ein gong spørsmålet om han trudde på Gud. Han svara: «Det varierer frå dag til dag.» Svaret inneber både tru og tvil i den same personen. Det kan verka litt humoristisk, men «eg trur» det var nøkternt og personleg meint.

I skulen pugga me katekisma og trusartiklane med forklaringar, på guttedoen før det ringde inn. Der stod det kva som ligg i fyrste trusartikkelen: **Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.** Forklaringa var slik ho stod i katekisma vår: «*Eg trur at Gud har skapt meg og alle andre skapningar. Han har gjeve meg kropp og sjel, vit og sansar, og held alt dette ved lag. Han gjev meg klede og skor, mat og drikke, hus og heim, ektemake og born, åker og fe, og alt det eg treng frå dag til dag. Han vernar meg mot all fare og vaktar meg mot alt vondt. Alt dette gjer han av berre faderleg godhug og guddommeleg miskunn utan at eg har fortent det eller er verdig til det. For alt dette skuldar eg å takka og lova han, og tena og lyda han.*» Ikkje så lite å lagra i ein ung skal! Det var Martin Luther som stod for forklaringa på 1500-talet! Luther var ein skikkeleg «røvar» som ruska opp i mange feilar ved kyrkja. Somme vil kanskje seia at han tok vekk vel mykje og gjorde gudstenesta litt «Ordnung muss sein». Personleg synest eg godt om at han la grunnlaget for det moderne tyske språket, Lutherdeutsch!

Erik Tandberg, som døydde for vel eit år sidan, var Noreg sin ekspert på universet og rakettoppskyting. I likskap med Jurij Gagarin, såg han heller ikkje Gud der ute, men på sine siste dagar uttala han seg om det guddommelege. Erik Tandberg meinte at alle ulike religionar og trusretningar peika mot ei felles, grunnleggjande tru på noko gudommeleg. Kva det innebar av tru og overtru utdjupa han ikkje.

Pave Frans i Roma verkar til å vera ein vidsynt pave. Han snakkar til folk i mange ulike situasjonar, er både lydhør og peikar på ansvar til både katolikkar og andre. Men han har og klare grenser for religionsutøving når han seier: «Ingen kan i Guds namn ta livet av andre menneske!»

For å koma tilbake til Hauge så skriv han i diktet «Kvardag»: «...det er so mangt å tenkja på her i verdi./ eit manneliv strekk ikkje til.» Under, undring, tvil og tru er felles tankegods for alle menneske. Kyrkjebladet er for alle og difor eit mangfaldig skrift om det å vera menneske. Å vera redaktør er ein balansegang, og stillinga rår redaksjonane over. Noverande redaktør vart spurd om å vera med i redaksjonen for mange, mange år sidan. Då alle dei andre slutta, vart løysinga å samarbeida med kyrkjekontoret i Ulvik, for å halda liv i kyrkjebladet. Prestane i Ulvik som bur på Voss og gjer teneste der og, kan ikkje ta på seg redaktøransvar. Men dei er naturleg nok gode og naudsynte medspelarar! Det vart organisert samarbeid mellom kyrkjekontora i Eidfjord og Ulvik, og skipa ein redaksjon på kvar side av «havet». Namnet «Brubyggjaren» fekk me frå Eidfjord, og frå Eidfjord får me friske tekstar, særleg frå arbeidet for born og unge! Bladet har fått eit solid fundament. Så håpar eg alle finn noko. Anten du ser underet eller berre avgansen, så er alle like verdfulle, og det er nok å undra seg over her i verda for alle. Lukke til med livet og undringa!

Bøn

Nysnøen legg si kåpe
yver den svarte tind.
Natthimmelen opnar skåpet
tusund av blånar inn.
Vintersaud bjørki loggar,
spirone bryt or mold.
Mognande klårhaust voggar
åkrar, tunge av foll.

Opn mine augo, Herre,
so eg kan betre sjå
underet, ikkje berre
avgansen utanpå.
Fyll til den siste kvelden
hjarta med song og sut,
anden og altarelden
loge i einskap ut!



Olav H. Hauge – «Bøn» - Frå Glør i oska 1946. er kome med i den nye salmeboka.

SOGA TIL GAMLE EIDFJORD KYRKJE SKRIFT OG TEGN UNDER LUPEN

**En forskergruppe undersøkte
dekorfragmenter på murveggene i
Eid fjord gamle kirke.**

Eid fjord gamle kirke er en av ca. 50 middelalderkirker i Norge, som har bevart kalkmalerier. Det finnes fragmenter av tre malte epitafier (minnetavler) og en innskripsjon med dato 1617 i koret, samt tre malte timeglass, et kors, et ansikt (Kristus?) og en fin liten hjort. I tillegg finnes mange rissete runer, tegn og bokstaver ved portalene. På utvendig nordvegg er det også flere malingsspor, blant annet av et skip og et årstall. Det som gjør Eid fjord gamle kirke så spesiell, er de mange tegn og innskripsjoner både innvendig og utvendig, og det er disse vi, en liten forskergruppe, kom for å dokumentere og undersøke betydningen av. Vi er fire forskere med ulik faglig bakgrunn: konservator Susanne Kaun (Norsk institutt for kulturminneforskning, NIKU), kunsthistoriker Elisabeth Andersen (NIKU), runolog Karen Holmqvist (NIKU) og filolog Johan Bollaert (Universitet i Oslo, UiO).

Besøket er en del av en studie om skrift og tegn på middelalderske kirkevegger. I dette prosjektet vil vi undersøke betydningen av disse tegn og innskripsjonene. Felles for disse er, at de ikke er en del av en romutsmykning. Hva kan de ulike tegn og innskripsjonene fortelle oss? Sentralt for diskusjonen er spørsmålet om skrift og bilder hører sammen, eller om de er løsrevet fra hverandre. Uavhengig av om de ble til på samme tid, opptrer de sammen, og dermed kan de også leses som deler av samme helhet. Vi vil se på både den opprinnelige intensjonen, og hvordan de har blitt lest i ettertid.

Vi har funnet lignende tegn og skrifter i flere andre steinkirker fra middelalderen, blant annet også i Kinsarvik kirke, hvor det er flere skip på utsiden. Vi registrerte de ulike tegnene og innskripsjonene, undersøker størrelser, hvor og hvordan de er påført veggene, hva tekstene sier, og hvilke motiver vi finner. Og vi diskuterte våre observasjoner og tanker. Og det er veldig spennende, da vi har ulike faglige bakgrunn, og hver av oss ser det samme fra en annen synsvinkel.



Her er Utenfor Eid fjord gamle kirke. Fra venstre: Elisabeth Andersen (NIKU), Karen Holmqvist (NIKU), Johan Bollaert (UiO) og Susanne Kaun (NIKU). Foto: Karen Holmqvist, NIKU

Dagen etterpå gikk reisen videre til Numedalen, hvor vi besøkte flere stavkirker. Prosjektet forgår i 2021, og vil avsluttes i en publikasjon, som skal formidle den nye kunnskapen om en hittil lite undersøkt dekortype i steinkirkene.

Vi takker for besøket i Eid fjord gamle kirke og i Kinsarvik kirke.



Karen (t.v.) og Johan diskuterer en innskripsjon i koret til Eidsfjord gamle kirke. Pilen viser årstallet 1617. Hva forteller teksten oss?


Foto: Susanne Kaun, NIKU



Et timeglass er malt på østveggen i Eidsfjord gamle kirke.



Susanne (t. v.) og Elisabeth undersøker lagstrukturen. Ligger de malte timeglassene under epitafiet? Foto: Karen Holmqvist, NIKU



FRÅ JUBILEUMSBOKA FOR EIDFJORD GAMLE KYRKJE:

I katolsk tid måtte folk stå i kyrkja, og messene kunne vara lenge. Folk kunne lene seg mot stenderane – dei granne, tverrgåande trebjelkane – og på det viset kvila kropp og armar. Etter kvart kom det benker eller kyrkjestolar. I Eidfjord gamle kyrkje gjør dei det enkelt. Dei legg sitjefjøler framfor dei smale bjelkane som før var armlene. Benkane tener på dette viset som ryggstø i dei nye seta. Dei var ikkje gode å sitja på, men folk hadde lettare for å sovna om dei sat for godt. Kvar gard hadde sine faste stolar og ein del av stolane har gardane sitt bumerke. Mennene sat på høgre – og kvinnene på venstre

sida av midtgangen. I koret sat berre menn. Heilt bak i kyrkja sat strandsitjarane, dei eigedomslause og tenestefolka.

Reserverte, faste plasser i kyrkja var ukjent i katolsk tid. Det var ein skikk som kom inn samstundes med at folk fekk setja seg. I 1896 sende ein lærar i Øvre Eidfjord brev til soknerådet der han gjekk i rette med skikken. I brevet skrev han at det burde verte slutt med denne nedverdigande skikken, og sluttar brevet med desse orda: «Thi udenfor kirkens mure ere vi dog alle lige.» Han meinte at det burde dei vera inne òg. Etter dette vart det slutt med faste plasser.



NÅR ALT BLIR ANNLEISENN TENKT

Tekst: Manuela Bjotveit Bilete: Manuela Bjotveit og Christian Bouvain

**Kva gjer ein når alle planar ein hadde,
blir forandra og alt blir annleis enn
ein hadde tenkt? Ein gjer sjølvsagt det
beste ut av det, og gøy blir det likevel.**

Akkurat det skjedde med «Naturkul» i år. «Naturkul» er eit tilbod for 6.-8. klasse her i Eidfjord. Vanlegvis har ein 2-3 samlingar om våren og ein leir, men på grunn av pandemien vart det avlyst i fjor. I år planla me heller ikkje leir, fordi alt var så usikkert. Likevel var me einige om at me ville invitera ungdomane til noko. Kajakpadling på Eidfjordvatnet var planen. Best Adventures skulle stilla opp med guide og kajakkar. Så kom den store dagen. 24 spenningsfulle ungdommar var påmeldde og kom til Øvre Eidfjord. Uff – det var for mykje vind. Men det blei ingen sure miner, fordi Michael frå Best Adventures hadde hive seg rundt og kom med ein plan B som var minst like gøy som plan A.



Konkurranseinstinktet kom ut med ein gong. Ungdommane konkurrerte med hoppelarven, ballkasting og ikkje minst i vikingkamp. Varme vart me alle til slutt og kunne reisa heim med eit stort smil i fjeset.




Tekst: Manuela Bjotveit.

Bilete: Christian Bouvain og Manuela Bjotveit

**Ein kunne jo tru at det var ein heilt
vanleg torsdagsettermiddag 27. mai.
Men det var det ikkje.**

11 blide 3.- og 4.-klassingar samla seg ved kyrkja. «Å-hå! Kom, kom igjen! Kom, kom igjen, tårnagentar! Mysteriet ventar! Vi er tårnagentar.» hørtest det framfor kyrkja. Alle var klare og spente til å utforska kyrkjene våre i Eidfjord. Men først måtte dei løysa ei vanskeleg oppgåve. Klarer dei å byggja eit tårn med spaghetti og Marshmallows? Deretter var det forskjellige oppdrag som agentane måtte løysa om kyrkjene våre. For å nemna nokre: Kva har presten på seg under ei gudsteneste? Kva er på loftet i gamle kyrkja? Kor mange steg treng du for å gå rundt den nye kyrkja? Kor høgt er eigentleg klokketårnet? Kva tippar du?

Det var ein veldig kjekk ettermiddag som vart alt for kort.





Framme frå venstre: Hannah Tveit, Thea Bergo Nielsen, Ida Helen Stenseth Håheim, Victoria Opheim. Andre rekkja: Elias Vestrheim Nordnes, Adrian Børshheim Rostrup, Tobias Halstensgård, Lars Sander Børshheim Jordal. Takk til prestane Magnar Haaland og Bengt Staffan Arvidvidsson for ei fin avslutting på konfirmanttida!

KONFIRMASJON I ULVIK KYRKJE 12.09.2021

Endeleg vart det konfirmasjon for åtte konfirmantar i Ulvikkyrkja. To prestar sytte for at det vart ein fin og minnerik dag for alle. Desse to utfylte kvarandre i ein fin tone som fekk både konfirmantar og andre tilstadeverande til å lytta. Etter biletet kan du lesa preika som Bengt hadde ansvaret for. Det er ein fin repetisjon for alle som var til stades, og til glede for dei det ikke var plass til i kyrkja.

Her kan du lesa konfirmasjonspreika:

Preika til konfirmasjonsgudsteneste i Ulvik (og Granvin) september i 2021.

Kjære konfirmantar!

Først og fremst vil eg takka dykk for tida vi har hatt sammen. Vi har snakka sammen, lese i Bibelen, lært truvedkjenningsa, høyrt på salmar. Nokre har vore på båttur og fått ete ekte italiensk is!

Vi har snakka om livet, om kjærleik, om dei ti Guds bod. Vi har snakka om å få tilgjeving og om å tilgje. Vi har bede sammen og vi har møttest her i kyrkja nokre søndagar. Det

har nok blitt ein del snakk om bilar og motorar, og då med stor overvekt på Volvo sine gamle modellar, alt i frå Volvo Amazon, B18, B20, ulike trimmingsalternativ, 2 tums system fram mot «moderne modellar» som 240, 740 og den legendariske 940! Kanskje ikkje så rart at eg stundom spora av når eg fekk høyra «hjemlandstoner». Uansett slike særinteresser, kjære konfirmantar: Gud treng deg! De har alle motteke gåver, ting som de er gode på. Og vi har snakka mykje om korleis vi skal vera mot våre medmennske! Og her har bibelen vår med tallause døme vore til god hjelp! Snakk med vennen din som har det vanskeleg! Hjelp den som treng hjelp! Vel ein veg i ditt eige liv der du gjer ein forskjell, der du kjempar for det gode mot det vonde! Motta kjærleik frå Gud og dine nærmaste, og gje den vidare til dei som treng det! Då blir livet meiningsfylt! Kva kjem no til å skje i dykkar liv vidare, kjære konfirmantar. Kva skal du bli når du blir stor? Høyrt den før? Nokre menneske finn sin plass og oppgåve tidleg i livet, andre må leita lenge! Til oss alle vil eg seia: Gud set saman eit stort puslespel med milliardar av betar. Du er en brikke, du passar inn! Og puslespelet er ikkje fullenda før enn di brikke er på plass! Korleis finna din plass, di gáve, vita kva veg, og kva utdanning som er den rette? Sjølvsagt kan

du spørja folk som kjenner deg, familie, venner! Men du kan også spørja Gud, du kan be, for han veit kva gåver han har lagt i deg! Dagens evangelietekst handlar om å byggja hus, men den handlar ikkje om vanleg husbyggjekunst som Jesus lærer i denne vidgjetne likninga. Han snakkar om kva du og eg byggjer våre liv på, og kva vi baserer vårt håp på når vår jordiske vandring er over! Er vi velbegrunna og reflekterte, er vi så fast forankra at når stormen kjem står vi fjellstøtt og rid med lettheit stormen av!!?? Dersom eit hus står eller vi står stabilt, forstår vi at det handlar om «fundament», og dersom grunnlaget er godt og skikkeleg lagt, kan stormen koma, det kan til og med overleve om det regnar ok lek litt. Det kan verka kritisk for ei stund, men gudske lov grunnlaget heldt likevel! Mange byggjer «luftslott». Det kan gå veldig fort, verta grasiøst og prangande, men vi tenkjer ikkje på kor lenge det skal stå, berre at det er flott og fint! Men så kjem stormen, og vårt så fine slott finnест ikkje meir! Å prøva å byggja sitt liv utan Gud er som å prøva å forstå eller bruka ei maskin utan brukarrettleiing. Og har du brukarrettleiinga når noko går gale eller ikke fungerer, kan du finna ut av det i rettleiinga. Vår skapar veit kva vi treng. Gud vil vera med oss og rettleia oss i alt. Han vil velsigna oss, han vil leia oss. Det er det Jesus ønskjer å seia til kvar enkelt av oss i dag!

Til sist ein liten historie: Du veit at det er Peter som har nøklane til himmelens port. Ein mann banka på, og Peter opna og forklarte til mannen at ein må ha 100 poeng for å få koma inn! Mannen blir uroleg, men gjer eit forsøk og seier: Heile

livet har eg jobba for miljøet, og eg har vore svært flink med kildesortering! Bra sa Peter, då har du 1 poeng! Mannen held fram, eg boikotta Israel og kjøpte ikkje appelsinar derifrå! Upps! sa Peter, 1 minuspoeng! Mannen seier, eg har vore eit godt medmenneske og hjelpt dei som trong hjelp! Godt sagt, sa Peter, 2 poeng! Mannen tek til å fortvila, men gjer eit nytt forsøk, eg har gått i kyrkja heile mitt liv og har songe i kyrkjekoret, bra sa Peter, 2 poeng til! Så har eg skrive ei doktoravhandling og vore førsteamanuensis i teologi om å leva i tru! Utmerka, sa Peter, eit halvt poeng! Mannen blir fortvila og seier, og så vart eg døypt i Jesu namn og trur på han som min Herre og frelsar! Da skin Peter opp og smiler breitt, omfavnar mannen, opnar porten og seier: Gode 100 poeng! Velkommen inn!

Dette mine venner og konfirmantar handlar om ein bygning vi ikkje sjølve har bygt, men ein bygning som kjem frå Gud!

Så til slutt: No har du funne stien til kyrkja i dag! Ein sti som ingen går på, veks fort igjen. Kom tilbake til kyrkja, bli med på gudsteneste.

Gå ofte på stien slik at han vert halden opptrakka og synleg for deg og for dei som kjem etter deg!

Alt det eg no har sagt, har eg sagt til ære for faderen, sonen og den heilage ande, han som er ein sann Gud frå æve til æve!
Amen.

KONFIRMASJON I EIDFJORD KYRKJE 5.09.2021



Frå venstre til høgre: Johannes Pettersen (prest), Joakim Pedersen, Kristine Tveit, Sander Viveli Tveit, Maren Viveli, Jan Inge Bu, Vilde Stavanes, Tobias Andersen Flølo.



EI RIK DAME OG EI NY KYRKJE

Tekst av Manuela Bjotveit og teikningar av Kris Ulita

(Inspirasjon fekk eg frå boka «Eidfjord Gamle Kyrkje 700 år. Eit historisk attersyn» av Lars O. Bleie, 2009)

«Thor, kom då» ropar Ragna. No hadde ho allereie venta lenge på mannen sin. Alltid måtte han somla slik. Dei må koma seg av garde før været skiftar. Ragna og Thor budde i Simadalen. Ragna hadde budd der heile sitt liv. Det var ein stor gard dei hadde. Men som nemnt før, var Thor verdsmeister i å somla. Ragna måtte alltid venta på han. Endeleg kom han. «Unnskyld, eg måtte nett sjå etter dyra først. Den eine kua skal kalva snart.» sa Thor. Ragna rulla berre med augene. «Kom, no. Du skal ro først.» sa Ragna. Ragna og Thor sett seg opp i båten. Thor byrja å ro. Dei skulle ro over til Hotlestølen. Ragna og Thor skulle samla bær til vinteren. Ragna var framleis sint på Thor. «Thor, ro fortare. Snart kjem det storm.» masar Ragna. «Mas ikkje slik. Du er ein masekopp.» ropar Thor. «Eg er ingen masekopp.» svara Ragna. Krangelen var i full gang. Ragna og Thor ropte til kvarandre. Ragna prøvde å ta årene frå Thor. Men Thor vil ikkje sleppa dei. Båten byrja å vingla sterkt. «No søkk me snart på grunn av deg» ropa Ragna. Men Thor vil ikkje gje etter. Dei var ganske nær Simadalskjera no. Ragna var sterkare enn Thor. Ho berre dytta han kraftig.

Thor slapp årene. Ramla frå båten og landa på skjeret. «Her kan du sitja til eg er tilbake. Eg har fått nok av deg» ropa Ragna. Ho tok årene og rodde så fort ho kunne mot Hotlestølen. Thor var sint. Korleis kunne Ragna forlata han på skjeret? Men Ragna brydde seg ikkje lenger. Ho rodde så raskt ho kunne. Plutseleg kom det mørke skyer. Vinden blåste kraftigare og kraftigare. Båten blei kasta frå side til side. Ragna rodde og rodde. Ho prøvde å komme seg i land. Hotlestølen var rett framfor ho. Der, endeleg klarte ho det. Båten kom seg til land og ho òg. Korleis går det med Thor? Ragna hadde ikkje tid å tenkja vidare på han. Ho måtte dra båten lenger inn på land og kome seg lenger vekk frå fjorden. Bølgene var kjempestøre. Ragna fann ei lita hole. Der sat ho våt og kald til stormen hadde roa seg. Bærsanking kunne ho gløyma no. Alt var fløynt over. Heldigvis stod båten like heil ved stranda. Ragna heiv seg inn i båten. Ho måtte finna Thor. Men då ho kom til skjeret, var skjeret og Thor borte. Å nei. Kva hadde ho gjort? Ragna angra svært at ho var så sinna på Thor. Aldri skulle ho ha dytta han ut av båten. Trist rodde ho heimover. Men skrek og gru. Inne i Simadalen venta ein ny overrasking på ho. Det hadde vore flaum i elva, og heile garden hennar var fløynt vekk. Alt var borte og øydelagd. Kva skulle ho gjera? Ragna rodde tilbake i retning Eidfjord. På ein nabogard på Stavanes fekk ho kvila seg. Der fekk ho mat og ein plass å sova. Når Ragna

hadde samla nye krefter rodde ho til Ostangen. Siste stykket måtte Ragna gå. Målet hennar var Lægreid. Der stod kyrkja, ei gamal litt øydelagd trekyrkja. Det var hennar skuld at Thor var død. Ho måtte snakka med presten. Presten tok imot Ragna. Presten sa: «Gud likar ikkje kva du har gjort. Du må angra på det du har gjort og gjera noko godt for alle folk i Eidfjord og langs Eidfjorden.» Angra gjer Ragna. Men kva kunne ho gjera som var godt for alle som budde i Eidfjord og langs fjorden? Ragna grubla lenge. Ho spurde fleire om råd. Ein dag, fekk ho plutselig ein idé. Ragna skulle betala for ei ny kyrkje. Ja, det skulle ho. Ei kyrkje i stein som skulle stråla over heile fjorden. Kyrkja skulle vera så stabil at ikkje noko uvêr kunne skada ho.



Med alle sine pengar kunne Ragna betala folk for å bygge gamle kyrkja i Eidfjord. Året var 1309 då dei kunne innvia kyrkja. Då Ragna døydde, blei ho gravlagd i kyrkja. Ho fekk seg ein eigen gravstein. Steinen står framleis i gamle kyrkja.

Faktisk veit me ikkje kva som verkeleg skjedde. Ingen hadde skrive ned kvifor Ragna blei kalla Rike Ragna, og kvifor ho bygde kyrkja. Men folk fortalte seg innimellom at Ragna ofte var veldig sint og impulsiv. Og at noko hadde skjedd med mannen hennar. Kanskje det var slik?

No kan du fargelegge teikningane.

HELDIGVIS GJEKK ME IKKJE TOMME FOR BRUS

Tekst og bilete: Manuela Bjotveit

Tenk deg du har invitert til barneselskap og mamma har berre kjøpt 1 flaske med brus. Skrekk og gru. Då går det fort tomt. Kan det då blir ein bra fest likevel?

Seks blide førsteklassingane var samla til fest i kyrkja i slutten av august. Her skulle me feira at dei er skulebarn no. Det var tid for leik og kreativitet i starten. I samlinga song og dansa me, og så høyrdde me forteljinga om då Jesus var på fest og det var plutsleg slutt på vin. Samlinga avslutta me med ein 3-rettars-middag og heldigvis nok brus. Alle barn kom i følgje av mamma, pappa eller besteforeldre. Me storkosa oss. Det var ein kjekk ettermiddag.



Ella, Charlotte, Rolf, Theodor Noel, Lars, Jenny og Linnea var med på festen.



MINIKYRKJE I EIDFJORD

Tekst & bilete: Manuela Bjotveit

Sommaravslutninga av Minikyrkje var sjølvsagt utandørs att. Var litt kjølig i lufta, men det gjorde ingenting. Kjekt var det. Denne gongen høyrdde me om korleis Jesus metta 5.000 menneske berre med 5 brød og to fiskar.

Minikyrkje blir det i haust òg.

Merk datoane:

Torsdag 09.09.2021 kl. 16.30-17.45


Torsdag 07.10.2021 kl. 16.30-17.45

Torsdag 04.11.2021 kl. 16.30-17.45





Kaptein Ørjan held stø kurs over havet, medan prestane, Bengt og Magnar, er stuertar.



I Eidfjord var det is og fine bilar.




Strålende sol og fint på dekk.

KYRKJEVERJA I ULVIK HAR DET TRAVELT MED OPPLEGG FOR KONFIRMANTAR I ULIKE VARIANTAR

Wilma har teke bileta og fortel:

Konfirmantleiren i vår vart av kjende grunnar ikkje gjennomførd. Derfor blei det i siste liten skipa til eit alternativt tilbod for konfirmantane. Laurdag 28. august vart det klart for konfirmanttur med Hjeltnesbåten. Himmelén var blå, sola skein som aldri før, sjøen var blank som ein spegel. Kl. 14.00 starta me turen på kaien ved den Grøne, og tok med oss kaffi, brus og nystekte pizza. Kaptein Ørjan Hjeltnes køyerde båten. Turen gjekk først inn Osa-Fjorden. Seinare fekk me sjå oss om ved Sima, for så å leggja til kai i Eidfjord. Der gjekk me på land, og alle stod tolmodige i kø for å kjøpe italiensk is. På kaien i Eidfjord stod det parkert mellom 20 og 25 Lamborghiniar, skinande av stoltheit, og det var til stor interesse for Ulvik gutane! Me kom att i Ulvik kl. 17.00, alle var kjempefornøgde!



Frå venstre: Ida Helen Stenseth Håheim, Bengt Staffan Arvidsson, Lars Sander Børshheim Jordal, Elias Vestrheim Nordnes og Tobias Halstensgård.

DEI NYE REKRUTTANE I ULVIK



Søndag 29. august var det konfirmantpresentasjon i Ulvik. Fem konfirmantar møtte opp i lag med familien til utdeling av konfirmantbibel og konfirmantbok.

På biletet ser du frå venstre: Sjefen Magnar, Peter-Olai Batta Solheim, Paul Müller, Martine Grønningsæter Thorsen, Arnfinn Tellnes Aarekol, Tillmann Hein-Grosser.

Me ynskjer dei lukke til!

VELTA GRAVSTEINAR PÅ KYRKJEGARDEN I ULVIK

Dei tre gravsteinane står litt for seg sjølve og ligg nærmast vegen. Me har lese om slikt frå andre stader i landet, men det har ikkje hendt i Ulvik før.

Ein veit ikkje i skrivande stund kven som har gjort det, eller kva som er motivet bak. Kanskje det er gjort i tankeløyse utan vondskap, men dei som har gjort det, må tenkja på at ei slik handling sårar slekt og vene vondt! Det er råd å be om tilgjeving, sjølv om saka ikkje skulle verta oppklara! Du eller de kjem til å ha ei betre kjensle etterpå, og dei som vart råka, vil setja pris på det!

(Foto: Ulvik kommune.)





Soknerådsleiar, Knut J. Nes, svinga teppebankaren som om han ikkje skulle ha gjort anna. Jan Arvid Gjøn er glad det ikkje er han som skal få bank.

Å FEIA FOR EIGA DØR

Det er noko som heiter «å feia for eiga dør». Det betyr at ein skal ordna opp i eige hus og sine eigne problem, før dei grip fatt i andre sine!

Dette har kyrkjekontoret med soknerådet skjønt, og i det sola snudde, så heldt dei opprydding med vasking i kyrkja. Her møtte seks flittige og dugande personar. Dei vaska, støvsugde, banka sitje-underlag og pussa spindelrev av lysekrunene. Lukten av nyvaska kyrkje slo imot redaktøren då han kom for å ta bilete av operasjon «katharsis» (reinsing på norsk).



Soknerådsleiar, kyrkjeterar og kyrkjeverje er alltid med!



Det var eit logistisk problem å få dei ulike teppa tilbake på rett plass. Finn Gjerde og Kjersti Kolås Bergo fekk litt å grubla på. Det var tal på baksida av putene, og Knut, soknerådsleiar, uttala seg Ex cathedra med orda: «Knekk koden!» (Kanskje nokon kjem til å sitja mjukare enn sist?)



Me skal ikkje koma inn på støvsugaren sin symbolikk i kyrkjeleg samanheng, men berre konstatera at Venke Langballe tok fram støvsugaren då Knut sette frå seg teppebankaren!



KVA SKAL EIN GJERA MED GAMLE ESEL?

Kyrkjelydsarbeidar Jorunn Bergo Aarvik

Hausten 1958 var det fest på Betel. Huset var 70 år gamalt, og det skulle markerast. I tillegg kunne ein feira at den store ombygginga var vel i havn. Bedehuset hadde ikkje berre fått ein ny kjellaretasje, - heile bygget var flytta på!

Betel var fullsett denne festkvelden, og presten Ihle heldt vigsletalen. Der samanlikna han Betel med eselet som Jesus reid på palmesundag. Han som hadde gjort seg nytte av eit esel, ville også bruke eit enkelt bedehus, forkynte presten.

Eg synest samanlikninga mellom det skrøpelege eselet og bedehuset vårt er rørande. Lik eit trufast esel, har Betel i meir enn hundre år bore Jesus til stadig nye generasjonar av ulvikjer. Men dei siste åra har tæra hardt på huset. Indremisjonssamskipnaden

på Stord har sagt at dei ikkje lenger ynskjer å ta det økonomiske ansvaret. Kva tyder det for framtida til bygget?

Eselet me les om i palmesundagsteksten, har ei strategisk rolle, men spelar ikkje hovudrolla i påske-forteljinga. Det hjelper å minna kvarandre om det.

Kanskje har Betel hatt si tid? Kanskje treng me nye esel i dag som kan bringa Jesus til nye generasjonar?

Lett er det uansett ikkje å gje slepp. For me er mange som har gode minne frå Betel. Mange som framleis er glade i det gamle eselet vårt. Har du tankar om vegen vidare for Betel? Ta kontakt med Jorunn Bergo Aarvik på telefon 45 22 82 87

Vel møtt til allmøte på Betel fredag 8. oktober kl. 18.00. Enkel servering.

DETTE SKJER FOR BORN OG UNGE I ULVIK KYRKJE

| Dato | Kl | Informasjon |
|------------|--------------|---|
| 02.10.2021 | 11.00-12.30 | Samling for fireåringane på kyrkjekontoret |
| 02.10.2021 | 13.30- 15.00 | Samling for femteklassingane på kyrkje-kontoret |
| 03.10.2021 | | Gudsteneste med gåve til femte-klassingane og bok til 4-åringane. |
| 17.10.2021 | 11.00-12.30 | Krølltreff for to- og treåringane på kyrkjekontoret |
| 27.11.2021 | 18.00-22.00 | Lysvaken for femte-og sjetteklassingane i kyrkja |
| 28.11.2021 | 18.00 | Lysmesse i kyrkja |

Det vil bli sendt ut invitasjonar til samlingane i forkant. Ta kontakt med trusopplærar Jorunn Bergo Aarvik, telefon 45 22 82 87 om du har spørsmål. Babysong kvar måndag 11.00-12.00. Kontakt Kjersti Johanne Nybø, telefon 916 02 028 for meir informasjon. Sjå facebookgruppa «søndagsskulen i Ulvik» om semesterplan for søndagsskulen.



Velkommen på babysong i Ulvik kyrkje



Måndagar klokka 11.00-12:00

Påmelding og informasjon:
Kjersti Johanne Nybø, telefon 916 02 028

DEN NORSKE KYRKJA
Ulvik

Som dagane går...

Døypte

Døypte i Ulvik

Ingen

Døypte i Eidfjord

Aleksander Hotle
Torvald Lægreid
William Sørensen Lægreid
Maud Elene Viveli

Gravlagde

Gravlagde i Ulvik

Thor Erik Janssen Jakobsen f. 2021
Ruth Anny Våle f. 1928

Gravlagde i Eidfjord

Laila Willmann Tveit f. 1936
Johannes Bjotveit f. 1952
Marit Ragnhild Fjetland f. 1956

Vigde

Vigde i Eidfjord

Kristin Blindheim og Anved
Kvammen

SØNDAGSSKULE

For dei minste var det søndagsskule
søndag 29. august medan dei store
var i kyrkja.

Linda organiserte den. Det var planlagt å halda søndagsskule på kyrkjekontoret, men der var det som i ein sauna! Derfor flytta me søndagsskulen til promenaden, og 6 dyktige born laga fisk av ballongar, og så åt dei is etter velgjort arbeid.

Alle er så opptekne og kosar seg, så ingen legg merke til at Wilma tek bilete.





**Er du SVOLTEN, TØRST eller TRØTT
Vi er på jobb nesten hver dag hele året.**

Catering | Kafe & Kremmeri
A la carte | Lukka lag | Seng å sove i



Hos oss skal det være Sutalaust & Kjekt
www.eidfjordhotel.no · Tlf: 53 66 52 64

Dåpskjole til leige!

Pris: 300,-

Kontakt: Ulvik Bygdekvinnelag
v/ Åsa Gunnarsdottir, tlf.: 952 62 096



ULVIK  **VVS**
Tlf. 913 77 113 E-post: rolf@ulvikvvs.no

GRAFVERDSTENESTER

inst i Hardanger

Handel & Handverk -Wollert Nordahl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørende ønsker hjelp til etter eit dødsfall, slik som

- **transport av båre** (ogå henting på sjukhus)
- lysingar, gravferdssongar,
- og andre praktiske ting med papir og seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnets tider
på tlf. 56 52 64 47
mob. 952 10554 / 952 13375

BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik – Tlf. 56 52 54 47

Me tek i mot tingningar
av blomahelsingar til alle høve,
i glede og i sorg.
I samband med dødsfall
kan me levera
blomahelsingar til dei pårørende,
kransar



båredekorasjonar
bårebukettar.

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjeme på oss
pynting og stell av gravet.

GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne
i samarbeid med

EIKNER NATURSTEIN 
(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med

Wollert Nordahl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47

MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
Mob. 971 85 452 - www.ulvikbygg.no



FJORDTIND

HOTELS

Velkommen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
og Quality Hotel Vøringsfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhotels.no

Quality Hotel Vøringsfoss: 53 67 41 00 // q.voringfoss@choice.no



BUTIKK1 AS
5730 Ulvik
Tlf. 56 52 65 47

Velkommen til en
hyggelig handel

Me ordnar alt vedrørande dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar



Døgnvakt telefon 56 51 11 94/905 50915

Maskinentreprenør
Arne Osa

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



ULVIK BENZIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89

Mob. 907 54 533

**Det finst mange
små og store draumar
på Vestlandet**

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
direkte utbetalta til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte





Gudstenesteliste

ULVIK

| Dato | Kl | Dag | Stad | Informasjon |
|------------|-------|--------|--------------|-----------------------|
| 03.10.2021 | 11.00 | Sundag | Ulvik kyrkje | Hausttakkefest/T4/T10 |
| 03.10.2021 | 13.00 | Sundag | Ulvik kyrkje | Dåpsgudsteneste |
| 10.10.2021 | 14.00 | Sundag | Ulvik kyrkje | Gudsteneste + dåp |
| 24.10.2021 | 11.00 | Sundag | Ulvik kyrkje | Gudsteneste + dåp |
| 07.11.2021 | 14.30 | Sundag | Ulvik kyrkje | Dåpsgudsteneste |
| 07.11.2021 | 17.00 | Sundag | Ulvik kyrkje | Minnegudsteneste |
| 28.11.2021 | 18.00 | Sundag | Ulvik kyrkje | Song og Ljosmesse |

EIDFJORD

| Dato | Kl | Dag | Stad | Informasjon |
|------------|-------|--------|------------------|--------------------|
| 03.10.2021 | 11.00 | Sundag | Eid fjord kyrkje | Hausttakkefest |
| 31.10.2021 | 11.00 | Sundag | Eid fjord kyrkje | Gudsteneste |
| 07.11.2021 | 18.00 | Sundag | Eid fjord kyrkje | Minnegudsteneste |
| 28.11.2021 | 18.00 | Sundag | Eid fjord kyrkje | Ljosmesse |
| 19.12.2021 | 11.00 | Sundag | Eid fjord kyrkje | Familiegudsteneste |

Det kan koma endringar i oppsett gudstenesteliste og i smittevernsreglar.

Du kan bruka Vipps ved ofringa i kyrkjene og gåver.

Vipps Ulvik kyrkje: 125390

Vipps Eidfjord kyrkje: 127865